FITJAR

KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbudskonkurranse
etter forskrifta sin del I og II

for anskaffing av

totalentreprisekontrakt på etablering av ny barnehage ved Øvrebygda oppvekstsstun, gbnr 50/11 og 50/43

24/736

FITJAR

GENERELL SKILDRING 3
Oppdragsgjevar 3
Anskaffelsen sitt føremål og omfang 3
Kontraktsvilkår 3
Deltilbod 3
Viktige datoar 3
Tilbodssynfaring 4
REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN 4
Anskaffingsprosedyre 4
Krav til løns- og arbeidsvilkår 4
Krav til lærlingar 5
Skatteattest 5
Offentlegheit og teieplikt 5
Vedståingsfrist 5
Oppdatering av konkurransegrunnlaget 5
Tilleggsopplysningar 5
Språk 5
KVALIFIKASJONSKRAV 6
Leverandøren sin organisatoriske og juridiske stilling 6
Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet 6
Leverandørens tekniske og faglige kvalifikasjoner 6
TILDELINGSKRITERIUM 7
Innlevering av tilbod 8
Tilbodet si utforming 8
Vedlegg 8

FITJAR

GENERELL SKILDRING

Oppdragsgjevar

Opplysningar om oppdragsgjevar og oppdragsgjevar sin kontaktperson kjem fram i oppdragsgjevar sitt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV).

All kommunikasjon med oppdragsgjevar skal skje gjennom oppdragsgjevar sitt KGV. Dette gjeld også spørsmål og svar.

Anskaffelsen sitt føremål og omfang

Anskaffelsen sitt føremål er å inngå totalentreprisekontrakt på ny barnehage med ute- og trafikkareal ved Øvrebygda oppveksttun. Skildring av anskaffinga, føremålet med ho og omfang finst i oppdragsgjevar sitt KGV.

Fullstendig skildring av leveransen fylgjer av vedlagde dokument.

Kontraktsvilkår

Fitjar kommune vil nytta NS8407 for oppdraget.

Sjå også vedlagde avtalevilkår for Fitjar kommune sine anskaffingar.

Deltilbod

Det er ikkje høve til å gje tilbod på delar av oppdraget. Kontrakten består berre av ei yting, og kan ikkje delast opp.

Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til fylgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Tilbodssynfaring	12.8.2026 kl. 09.00
Frist for å stilla spørsmål til konkurransegrunnlaget*	21.8.2026 kl 09.00
Frist for å levera tilbod	1.9.2026 kl 09.00
Tilbodsopning	1.9.2026 kl 09.05
Evaluering	Veke 36-37
Dialog/forhandlingar	Veke 37
Val av leverandør og meddelelse til leverandørar	Veke 38
Karensperiode	10 dagar etter val av leverandør
Investeringsavgjerd i kommunestyret	22. oktober
Kontraktsinngåing	Straks etter vedtak om investeringsavgjerd

Tilbodet sin vedståelsesfrist	90 dagar etter tilbodsfrist

*Interesserte leverandørar kan ikkje forventa svar på spørsmål før 27. juli.

Me gjer merksame på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan verta justerte. Eventuell forlenging av tilbodet sin vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

Tilbodssynfaring

Oppdragsgjevar vil halda synfaring 12.8.2026 kl 9. Oppmøte på parkeringsplassen til Øvrebygda skule.

Påmelding til synfaring skjer gjennom meldingsfunksjonen i KGV med namn på dei som stiller frå tilbydar.

Det vert ført referat frå synfaringa. Referatet vert publisert i KGV og gjort tilgjengeleg for alle som har meldt sin interesse i KGV.

REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vert føreteke etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegg å ha dialog med leverandørane før tildeling.

Dialog kan likevel utgå dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er motteke, vurderer det som hensiktsmessig. Me presiserer at ingen leverandørar kan forventa dialog om sitt tilbod og derfor må levera sitt beste tilbod.

Me oppfordrar leverandøren på det sterkaste til å fylgja dei rettleiingane som er gjevne i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg.

Krav til løns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalda krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

Sjå også vedlagde avtalevilkår for Fitjar kommune sine anskaffingar.

FITJAR

Krav til lærlingar

Kontrakten vil innehalda krav til lærlingar i samsvar med forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlinger i offentlige kontrakter (FOR-2016-12-17-1708).

Sjå også vedlagde avtalevilkår for Fitjar kommune sine anskaffingar.

Skatteattest

Vald leverandør skal på førespurnad levera skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld bare dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vera eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levera tilbod.

Ved byggje- og anleggskontraktar skal også alle underleverandørar levera skatteattest ved inngåing av kontraktar i tilknyting til oppdraget, som overstig kr 500 000 ekskl. mva.

Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytt til ei offentleg anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og dennes tilsette skal å hindra at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåte eller drifts- og forretningstilhøve det vil vera av konkurransemessig betydning å halda hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er oppgjeve i pkt. 1.5 ovanfor.

Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettinga, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, eller spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil verta formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga i konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV).

Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklare, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgjevar via konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) .

Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber me om at det om at dette vert formidla til oppdragsgjevar via KGV.

Språk

Alle dokument og all kommunikasjon i denne konkurransen skal vera på norsk. Me gjer merksam på at det same kravet også vil gjelda ved gjennomføringa av kontrakten.

FITJAR

KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunna få sitt tilbod evaluert må leverandøren levera etterspurd dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava. Sjå også pkt. **Feil! Fant ikke referansekilden.**.

Leverandøren sin organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vera registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller registrert i eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	• Norske selskap: Firmaattest • Utenlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
	• Skatteattest, ikkje eldre enn 6 mnd.
Leverandøren skal ha tilstrekkelig økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdighet uten krav til sikkerhetsstillelse vil være tilstrekkelig til å oppfylle kravet.	• Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vera utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å driva slik verksemd. • Oppdragsgjevar tar atterhald om sjølv å innhenta ytterlegare kredittrating eller annan økonomisk informasjon som, men ikke avgrensa til, årsrekneskap inklusive notar, styret sine årsberetningar og revisjonsberetningar.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggja fram den dokumentasjonen oppdragsgjevar har kravd, kan han dokumentera sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggja fram eitkvart anna dokument som oppdragsgjevar ser på som eigna.

Leverandørens tekniske og faglige kvalifikasjoner

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag.	Skildring av leverandøren sine inntil tre mest relevante oppdrag i løpet av die siste tre åra. Skildringa må inkludera oppdraget sin verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post.) Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentera relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentera erfaringa ved å visa til kompetanse til personell han rår over og kan nytta til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd mens personellet har utført teneste for annan leverandør.

FITJAR

TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva tilbod som har det beste tilhøvet mellom pris og miljø, basert på fylgjande kriterium:

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Pris - 70%	Ferdig utfylt prisskjema. Alle prisar skal vera eks. mva. Prisar vert ikkje indeksjustert. Evalueringssum er totalsum, bestående av delsummane 1-3 i prisskjemaet.
Miljø - 30%	Leverandør bør aktivt jobba med å redusera sitt klimaavtrykk ved utføringa av arbeid for oppdragsgjevar. Leverandør skal levera ei skildring (max tre A4 sider) av tiltak og rutinar leverandør har innarbeidd i si verksemd for å redusera utslepp og klimaavtrykk ved arbeid innan kontrakten. Skildringa bør som eit minimum innehalda : •Rutinar og tiltak for korleis leverandøren generelt jobbar med å ivareta miljø og berekraft i si verksemd. Innarbeidde rutinar vil telja positivt, t.d. sertifiseringar som fyrtårn eller liknande. •Kva køyretøy leverandøren vil bruka under oppdraget. For gravemaskin, traktor og lastebil med kran vil høgaste euroklasse telja positivt , og for varebilar/personbilar vil bruk av el-køyretøy telja positivt. •Plan for minimering og handtering av byggjeavfall i kontrakten •Rutine og praksis knytt til avhending og deponering av forureina jord , grus og anna avfall. Konkrete rutinar som sikrar miljømessig avhending vil telja positivt, inkludert resirkulering og ombruk der det er mogleg. Lista er ikkje uttømmande. Dersom leverandør har andre tiltak og rutinar som er eigna til å redusera klimaavtrykk ved utføring av arbeid i kontrakten bør det også takast med i skildringa.

- Pris: Pris skal opplysast i samsvar med prisskjemaet. Alle prisar skal gjevast eks mva. Valutaklausular vert ikkje akseptert. Pris vert ikkje indeksjustert i kontraktsperioden.

Ved evalueringa vil lågaste evalueringspris oppnå 10 poeng før vekting. Andre prisar vil få poeng basert på lineær poengmodell.

- Miljø: Evalueringa vil resultera i ein poengscore der beste rutinar/tiltak innan miljø vil oppnå 10 poeng før vekting. Dei andre tilboda vil få poeng ut frå ei vurdering av relativ forskjell til beste tilbod.

Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast via oppdragsgjevar sitt KGV-system.

Tilbodet skal i sin heilskap leverast etter den utforminga oppdragsgjevar sitt KGV oppgjev, og innan tilbodsfristen. Innlevering av tilbod per e-post eller liknande vil medføra avvising av tilbodet. Tilbodet skal vera bindande. Leverandøren har risiko for uklarheiter i tilbodet.

Tilbodet si utforming

Leverandøren skal fylla ut og svara på alle punkt i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastast opp som pdf-filer dersom ikkje anna format er spesifisert.

Dokumenta som skal fyllast ut og leverast med tilbodet er:

- Tilbodsbrev med framdriftsplan, prosjektorganisasjon, riggplan og løysingsforslag for trafikkavvikling
- Firmaattest
- Skatteattest
- Kredittvurdering
- Referansar
- Dokumentasjon på tiltak og rutinar leverandør har innarbeidd i si verksemd for å redusera klimaavtrykket ved arbeid for oppdragsgjevar
- Utfylt prisskjema

Vedlegg

- Prosjektinformasjon
- Funksjonsskildring (RAP_03)
- Kartvedlegg og prinsippteikningar (V1-V25 + V27, L001 og A20-1 og A20-2)
- Dokumentasjon på attfylling av byggjegrop etter riving av gamleskulen
- Rapport for ombrukskartlegging
- Notat grunnundersøkingar
- Prisskjema
- SHA-plan (V26)
- Skildring av anleggsarbeid for Fagne AS
- Avtalevilkår for Fitjar kommune sine anskaffingar